

## Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 14.04.2015

### YMSE

Vedk. skulebesøk på Øystese Gymnas, Norheimsund vgs og Fusa vgs 14. april.

Opplærings- og helseutvalet gav ros til dei tre skulane for hyggeleg opphald og informativ og nyttig informasjon.

Vedk. oppslag i media 15.04.15 om manglande klimagodkjenning av vidaregåande skular i Hordaland:

Eigedomssjef Helge Håvardtun orienterte Opplærings- og helseutvalet om status.

### OPEN TIME

**Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande forslag:

«Fusa vgs gir elevane tilbod om gratis skulefrukost. Både skuleleiing og elevar trekkjer fram ordninga som viktig for å betra skule- og læringsmiljøet. Ber om ei sak der det vert opplyst om skulemattilbodet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, og ei vurdering av kostnader ved å innføra skulemåltid i Hordaland.»

Forslaget vart vedteke oversend administrasjonen.

**Dan Femoen** sette fram følgjande forslag:

«Det er viktig at elever som ønsker å ta eksamen på vidaregåande skole skal få anledning til dette. OPHE ber om en sak der man koordinerer eksamensavviklingen mellom ungdomsskoler og vidaregåande skoler, slik at man kan forhindre eksamenskollisjoner. I denne anledning bør man også se på eksamensavvikling av de nasjonale eksamener og privatisteksamener.»

Forslaget vart vedteke oversend administrasjonen.